

**Salg av billettar i resepsjonen på kulturhuset.**

**Alle dagar – 24.t. – tlf. 71 65 71 00**

**Kiosken opnar 1 time før forestillingar. – tlf. 71 65 71 08**

**Billettsalg på nett: [www.surnadal-kulturhus.no](http://www.surnadal-kulturhus.no)**

# Kulturkalenderen – Januar 2011



**TRONDHEIMSOLISTENE**



**UNGDOMENS KULTURMØNSTRING**



[www.varsog-hotell.no](http://www.varsog-hotell.no)


# På Kino



## MEGAHJERNE (NO.TALE)

Komedie | t. 35 min. 7 år

Møt skurken som er så dårleg til å vere slem slem at han kanskje er super til å vere snill. Megahjernen er den mest brillante superskurken verda nokon gong har sett (og den minst suksessrike). I løpet av åra har han prøvd å erobre Metro City på alle tenkjelege måtar; og kvar gong går det gale takka vere superhelten Metro Man. Men så skjer det noko uventa med ein av dei slemme planane, og Megahjernen klarer faktisk å overvinne Metro Man. Plutselig er skjebnen til Metro City truga av ein ny skurk som skapar kaos og får alle til å tenke: Kan den største hjernen i verda redde oss alle?



## UNSTOPPABLE

Actionthriller | t. 38 min. 11 år


Ein menneskeleg feil fører til at eit tog utan førar, men med tonnevis av farlege kjemikaliar, knuser alt på sin veg. Sjølv om myndighetene sender ut fleire avdelingar for å få kontroll over toget, mislykkast dei alle saman. Toget har stødig kurs mot ein liten by, og om toget når byen vil det bli ei ufatteleg katastrofe. Lokførarane Frank og Will vil risikere livet for å stoppe toget. Frank (Denzel Washington), med si lange erfaring, og Will (Chris Pine), med ungdommeleg styrke og mot, utgjer eit team som får pulsen og hjartet til å rase mot ein nervepirrande slutt ...



## ELIAS OG JAKTEN PÅ HAVETS GULL

Animasjon/Familiefilm | t. 17 min. Alle


Bli med Elias på skattejakt. Elias oppdagar at det er bygd eit flukkande nytt fiskevær eit stykke nord for Lunvik. Polarhavna som det blir kalle, blir styrt hardt av den kjølege businessbåten sørfra; Polardronninga. Ho meiner at alt i havet høyren til henne! Polardronninga sin assistent, mini-ubåten Duppe, blir motvillig tvinga til å spionere på Elias. Polardronninga har nemleg også høyrd om eit gamalt forlis med ein stor gullskatt som skal finnast i området. Kanskje Elias veit noko om det? Polardronninga nøyer seg ikkje berre med fisk i plana si om å bli den mektigaste langs hele kysten.



## RED

Action | t. 51 min. 15 år

Red er basert på ein teikneserieroman og er ein eksplosiv action-komedie der det verkeleg går unna i svingane. Frank (Willis), Marvin (John Malkovich) og Victoria (Helen Mirren) var tidlegare CIA sine dyktigaste agentar, men hemmeleghetene dei har teke del i, har no gjort dei til CIA sine fremste drapsmål. Dei blir tvinga til å bruke alt dei har av kløkt, ferdigheter og erfaring for å ligge eit skritt framfor dei som jagar dei. Med "supersivilisten" Sarah på slep, legg dei ut på ei umulig ferd for å bryte seg inn i CIA sitt superhemmelege hovedkvarter der dei vil avdekke ein av dei største konspirasjonane og dekkoperasjonane i etterretningstenesta si historie.



## LEGENDEN OM NARNIA: REISENTIL DET YTTERSTE HAV

Familiefilm/fantasy | t. 53 min. 11 år

No kan du på nytt besøke den fantastiske og vidunderlege verda til C.S Lewis. La skipet "Morgenrødmens Vind" ta deg med til magiske Narnia! Edmund og Lucy Pevensie, samt fetteren deira Eustace blir via eit maleri transportert tilbake til Narnia og det fantastiske skipet "Morgenrødmens Vind". Dei blir med Prins Caspian og den fryktlause musa Ripipip på eit tokt som Narnia sin skjebne er heilt avhengig av. Den modige gruppa møter freistingar dei må kjempe i mot når dei reiser til dei mystiske øyene i Narnia. Dei blir konfrontert med magiske skikkelsar og skumle fiendar til dei endelig møter venen og beskyttaren deira igjen, løva Aslan.



## KONGEN AV BASTØY

Drama | t. 56 min. 11 år

Norge 1915 - Basert på verkelege hendingar. Erling (17), kjem til Bastøy med sin eigen agenda; å kome seg bort derifrå fortast mulig. Kor langt er han villig til å gå på bekostning av andre, for sjølv å slepe unna et undertrykkande og brutal regim? Etter ei tragisk hending, blir Erling motvillig involvert i dei andre gutane sine skjebner og ein dag står han i spissen for eit voldsmålt opprør. Staten svarer med å sende eit panserskip med 150 væpnar soldatar til øya for å gjenopprette ro og orden.



# Aktivitetar

## STORSTUÅ

### 19.1. Nyttårskonsert med TrondheimSolistane

Det er alltid like spanande og sjå kva TrondheimSolistane vartar opp med under den årlege nyttårskonserten.

Det tre gonger Grammy nominerte orkestret spelar som vanleg eit nummer saman med strykarane frå Indre Nordmøre- og Sunndal Kulturskule, før dei overtek scena åleine.

Årets solist er ein av Kinas fremste på det kinesiske folkemusikkinstrumentet Erhu. Liu Guangyu spela for første gong saman med TrondheimSolistane under ein turne i Kina våren 2010, og orkesteret vart så imponerte at dei inviterte han sporenstreks til Norge.

Konserten blir prega av humør, spontanitet og intensitet, og orkesteret lovar eit variert og spanande program.

Gjennom sine konserter og turnear over store delar av Europa, Asia, USA og Brasil har TrondheimSolistane utvikla seg til å bli eit av dei mest spanande kammerorkestrane på den internasjonale arena. Orkesteret samarbeider med solistar som Truls Mørk, Martin Frøst, Marianne Thorsen, Leif Ove Andsnes, Tine Thing Helseth, Håvard Gimse og Ole Edvard Antonsen. Framfor alt er det langvarige samarbeidet med Anne-Sophie Mutter eit tydelig bevis på TrondheimSolistane`s kvalitet, og innspelinga av Vivaldis ”Årstidene” på Deutsche Grammophon har vorte lovprisa over heile Europa.

Denne konserten er støtta av Svorka Energi.  
Ein STOR takk til Svorka for dette!

## SVORKASALEN

### 21.1. ”Vinjes Ferdaminne”

Konserten er basert på Aasmund Olavsson Vinje sitt store verk ”Ferdaminne”. Forestillingas rauda tråd er Vinjes møter med kvinner, der spaning, forelskelsar og tiltrekning oppstår.

Her går skodespel, musikk og lyrikk hand i hand.

## FINSTUÅ

### 21.1. Fotoutstilling

Mediagrupper ved Nordmøre Folkehøgskule opnar utstilling i Finstuå.

Før opninga blir det underhaldning i foajeen.

Det blir song, musikk og hallingdans.

## STORSTUÅ

### 29.1. Ungdomens kulturmønstring.

Denne laurdagskvelden får vi presentert kunst og kultur frå tre kommunar.

Halsa, Rindal og Surnadal har igjen slege seg saman om å arrangera ungdomens kulturmønstring. Her blir det song, musikk, dans og biletkunst.

Dette er ei god anledning til å sjå kva som rører seg blant dei unge kreftene i dei tre kommunane. Kanskje at det nettopp i dag dukkar opp ei komande stjerne?

## Mykje å gle seg til

- 5.2. Bygdakveld i Storstuå.
- 12.2. ”Vintersyn”. Kunstutstilling i Finstuå.
- 14.2. KIN-rock. Kulturskulen`s rockekonsert.
- 16.2. ENRON. Teatret Vårt.
- 19.2. Klypa -”Laaangt over streken”. Humor frå Sunnmøre.
- 23.2.-26.2. Russerevy.
- 12.3. Barnas Kulturhusdag
- 24.3. ”Give me 5”.
- 27.3. Bjørn Eidsvåg m/band. ”Rundt neste sving”

## Opningstider på biblioteket.

Måndag 11.00 – 19.00 Tysdag 11.00 – 16.00 Onsdag 11.00 – 19.00  
Torsdag 11.00 – 16.00 Fredag 11.00 – 15.00 Laurdag 11.00 – 14.00



### Nytt år – nye mulegheiter!

Om du treng, eller kjenner nokon som treng overnatting, så kan Vårsøg Hotell by på ei overnattingsopplevelse der ein blir teke med inn i Nordmørsnaturen. Vi kjører no et weekend-tilbod på overnatting i januar og februar 2011:


- Dobbeltrom kr 1095,- pr døgn, inkl. frukost
- Enkeltrom kr 895,- pr døgn, inkl. frukost

Bestill to døgn og få 20% rabatt for begge netter!

Elles vil vi i år ha vinterfest med underhaldning berre av damer! Det er Face 84 som er hovudtrekkplastret.

I romjula opna diskoteket Råkk dørene og frå og med 6.juledag har dei frå 18 år og oppover fått seg ein skikkeleg bra utestad som vi håpar blir bruka flittig i 2011!

**Vårsøg Hotell vil med dette ønskje alle eit riktig godt nytt år!**



Snakk forsikring med oss som kjenner lokalmiljøet.

Våre autoriserte rådgivere tar gjerne en gjennomgang av forsikringsbehovet ditt.



Besök oss i AMFI Surnadal

Tlf 03100

[surnadal@gjensidige.no](mailto:surnadal@gjensidige.no)

[www.surnadal-gjensidige.no](http://www.surnadal-gjensidige.no)

# Kulturhuset

# Hotell et



| Dag  | Dato Kl | Forestilling  | Sal              | Alder | Tid  | Dette<br>skal også<br>(Se X) |
|------|---------|---|------------------|-------|------|------------------------------|
| Søn  | 2       | 18.00 Megahjerne (no. tale)                           | Kammerset        | 7     | 1.35 |                              |
| Søn  | 2       | 20.30 Unstoppable                                     | Kammerset        | 11    | 1.38 |                              |
| Ons  | 5       | 18.00 Megahjerne (no. tale)                           | Kammerset        | 7     | 1.35 |                              |
| Ons  | 5       | 20.30 Unstoppable                                     | Kammerset        | 11    | 1.38 |                              |
| Fre  | 7       | 18.00 Elias og jakten på havets gull                  | Kammerset        | Alle  | 1.17 |                              |
| Fre  | 7       | 20.30 Red   | Kammerset        | 15    | 1.51 |                              |
| Søn  | 9       | 18.00 Elias og jakten på havets gull                  | Kammerset        | Alle  | 1.17 |                              |
| Søn  | 9       | 20.30 Red   | Kammerset        | 15    | 1.51 |                              |
| Ons  | 12      | 18.00 Elias og jakten på havets gull                  | Kammerset        | Alle  | 1.17 |                              |
| Ons  | 12      | 20.30 Red   | Kammerset        | 15    | 1.51 |                              |
| Fre  | 14      | 18.00 Legenden om Narnia; Reisen Til Det Ytterste Hav | Kammerset        | 11    | 1.53 |                              |
| Fre  | 14      | 20.30 Kongen av Bastøy                                | Kammerset        | 11    | 1.56 |                              |
| Søn  | 16      | 18.00 Kongen av Bastøy                                | Kammerset        | 11    | 1.56 |                              |
| Søn  | 16      | 20.30 Legenden om Narnia; Reisen Til Det Ytterste Hav | Kammerset        | 11    | 1.53 |                              |
| Ons  | 19      | 18.00 Legenden om Narnia; Reisen Til Det Ytterste Hav | Kammerset        | 11    | 1.53 |                              |
| Ons  | 19      | 19.00 TrondheimSolistene                              | Storstua         | Alle  |      |                              |
| Ons  | 19      | 20.30 Kongen av Bastøy                                | Kammerset        | 11    | 1.56 |                              |
| Fre  | 21      | 13.00 Vinjes Ferdaminne                               | Svorkasalen      | Alle  |      |                              |
| Fre  | 21      | 18.00 Legenden om Narnia; Reisen Til Det Ytterste Hav | Kammerset        | 11    | 1.53 |                              |
| Fre  | 21      | 19.00 Fotoutstilling NOFO                             | Finstuå          | Alle  |      |                              |
| Fre  | 21      | 20.30 Kongen av Bastøy                                | Kammerset        | 11    | 1.56 |                              |
| Søn  | 23      | 18.00 Kongen av Bastøy                                | Kammerset        | 11    | 1.56 |                              |
| Søn  | 23      | 20.30 Legenden om Narnia; Reisen Til Det Ytterste Hav | Kammerset        | 11    | 1.53 |                              |
| Ons  | 26      | 18.00 Legenden om Narnia; Reisen Til Det Ytterste Hav | Kammerset        | 11    | 1.53 |                              |
| Ons  | 26      | 20.30 Kongen av Bastøy                                | Kammerset        | 11    | 1.56 |                              |
| Fre  | 28      | 18.00 (filmen vil bli annonseret seinare)             | Kammerset        |       |      |                              |
| Fre  | 28      | 20.30 (filmen vil bli annonseret seinare)             | Kammerset        |       |      |                              |
| Laur | 29      | 17.00 UKM – Ungdommens kulturmønstring                | Storstua/Finstuå | Alle  |      |                              |
| Søn  | 30      | 18.00 (filmen vil bli annonseret seinare)             | Kammerset        |       |      |                              |
| Søn  | 30      | 20.30 (filmen vil bli annonseret seinare)             | Kammerset        |       |      |                              |

**Horisonten Restaurant**  
 Måndag – torsdag:  
 Lunsj: 11.00-14.00  
 A la carte: 18.00-22.00

**Musters Pub:**  
 Måndag – torsdag: 16.00-24.00  
 Fredag: 16.00-02.00  
 Lurdag: 13.00-24.00  
 Søndag: 16.00-22.00

Kjøkkenet stenger kl 22.00 måndag-laurdag.  
 Kjøkkenet stenger kl 19.00 på sondag.  
 20-års aldersgrense fra kl 23.00 på fredag  
 og laurdag.